



## MØTEINNKALLING LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 03.03.2020  
**Møtested:** Vaksdal barnehage,  
**Møtetid:** Vaksdal 12:30 - 15:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost [lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no](mailto:lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no)

Møtet for Levekårsutvalet er i hovudsak sett av til dei kommunale tenestene i Vaksdal:

- Vaksdal barnehage
- Vaksdal skule
- Vaksdal sjukeheim

Møtet vil byrja i Vaksdal barnehage kl. 12.30.

### Orienteringar

Orienteringar frå rådmannen

## SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
05/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
06/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
07/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
07/2020.1	Oversikt sals- og skjenkekontrollar for 2019 i Vaksdal kommune
07/2020.2	Årsmelding frå sals og skjenkekontrollen for 2019

24. februar 2020

Ivar Rødland Bergo  
Leiar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2020	Levekårsutvalet	PS	03.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/244

### GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2020	Levekårsutvalet	PS	03.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/244

### GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Vedlegg:

Protokoll - Levekårsutvalet - 04.02.2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



## MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 04.02.2020  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 11:00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ivar Rødland Bergo	SP	Utvalseiar
Line Kydland	SV	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Trygve Jakobsen	FRP	Boris Groth

### Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad, kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum, politisk sekretær Lin Tove Thomassen, rådmann Atle Fasteland og assisterande rådmann Åse Elin Myking.

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2020	BYGG FOR HELSE OG OMSORG - KOSTNADSRAMME OG FRAMDRIFTSPLAN



**01/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Levekårsutvalet 04.02.2020**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak

**LEV - sak 01/2020 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Levekårsutvalet 04.02.2020**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak

**LEV - sak 02/2020 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**03/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Levekårsutvalet 04.02.2020**



### **Behandling:**

#### **Referatsak 03/2020.1**

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad gjekk gjennom årshjul 2020 for levekårsutvalet. Årshjulet er ikkje eit komplett forslag og det kan koma endringar.

Møtedatoar for 2020 er fastsett. Før kommunestyret vedtek møtedagar for 2021, bør det vurderast å gjera tilpassingar slik at tidspunktet passar for alle dei faste medlemmene.

#### **Referatsak 03/2020.2**

Fleire av medlemmene i utvalet uttrykte ønskje om å delta på temakvelden, men det vart vanskeleg sidan møtetidspunktet var samtidig med folkemøte for K5.

#### **LEV - sak 03/2020 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

### **04/2020: BYGG FOR HELSE OG OMSORG - KOSTNADSRAMME OG FRAMDRIFTSPLAN**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken.

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

#### **Levekårsutvalet 04.02.2020**

### **Behandling:**

Assisterande rådmann Åse Elin Myking orienterte om saka.

Levekårsutvalet drøfta saka.

Boris Groth (FRP) fremja eit tilleggsforslag til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert etablert kjøkken, som i alternativ med kombinert løysing, kok-servér og kok-kjøøl.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over framstegspartiet sitt framlegg til vedtak, som fekk 3 stemmer, Boris Groth (FRP), Line Kydland (SV) og Evy Kvamme (SV) for, og 4 stemmer, Ivar Rødland Bergo (SP), Ole-Anders Brekklus (AP), Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Trond Olav Magnussen (H) mot og falt.

#### **LEV - sak 04/2020 Vedtak/Tilråding:**

**Levekårsutvalet si innstilling til kommunestyret:**



## Vaksdal kommune

Kostnadsramme og framdriftsplan vert godkjent og lagt til grunn for forprosjekt og søknad om tilskot frå Husbanken.

Rådmann får fullmakt til å tilpasse fordeling av type plassar i dialog med Husbanken for å få maksimalt tilskot. Formannskapet vert halde orientert om eventuelle justeringar.

---



Før møtet deltok medlemmer i Leverårsutvalet på frukostseminar på Stanghelle i samband med nasjonal evaluering av SFO.

Frå kl. 10.15 fekk medlemmene omvising på Dale barne- og ungdomsskule.

### **Orientering frå rådmannen**

#### **Notat i samband med spørsmål om tildeling av bustad i kommunen.**

Å skaffa seg bustad er i utgangspunktet eit ansvar som ligg på den enkelte innbyggjar, men kommunen har på eit generelt grunnlag plikt til å skaffa bustad til huslause og vanskelegstilte som treng hjelp akutt eller på noko lengre sikt. Retten til midlertidig bustad omfattar alle som oppheld seg i kommunen, sjølv om opphaldet er midlertidig.

Kommunen har tilgang til ulike kommunale bustadar. Det kan vera bustadar for flyktningar eller vanskelegstilte. I tillegg kjem omsorgs- og aldersbustadar som vert tildelte etter søknad og er behovsprøvde opp mot helsetilstand.

I kommunale bustadar har kommunen ansvar for vedlikehald, og for at bustaden fyller krav, m.a. i forhold til branntryggleik.

Bebuarar i denne typen bustadar vert rekna som heimebuande og kan søkja om helsehjelp dersom dei treng det.

Kven som bur i denne typen kommunale bustadar, kvifor dei bur der, og kva slags tenester og oppfølging dei får, kan ikkje kommunen opplysa om grunna teieplikt og personvern.

Vurdering av om ein person kan bu i kommunen eller treng meir spesialisert butilbod eller oppfølging, vert gjort av dei aktuelle instansar utanfor kommunen, t.d. av spesialisthelsetenesta. Kommunen pliktar å ta imot innbyggjarar som etter utskrivning/heimflytting frå anna opphald treng bustad og oppfølging.

### **Spørsmål frå møtedeltakarane til rådmannen**

Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP) ønskjer at utvalet skal få presentert ei oversikt over bruk av dobbeltrom frå juni og fram til no. Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum informerte om at dette vil bli omtala i kommunen sin årsrapport.

Ho stilte i tillegg spørsmål knytt til fakturering av middagsmat som ikkje vart servert ved Helsehuset på Dale, som var omtala i Vaksdalsposten. Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum informerte om at dette er teke tak i og vil bli retta opp.

Ole- Anders Brekklus (AP) stilte spørsmål om fakturering og at fakturainformasjon ikkje vart tilgjengeleg dersom kunde nyttar avtalegiro i bank. Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum skulle sjekke kva som er mogleg.





## Vaksdal kommune

Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP) spurte om sak om å nytta barnehage på Jamne som skulebygg burde ha blitt lagt fram til behandling for levekårsutvalet. Kommunalsjef for oppvekst Ann Kristin Bolstad informerte om at formannskapet har fått dette tilsendt som eit notat og at det er formannskapet som må avgjere vegen vidare.



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2020	Levekårsutvalet	PS	03.03.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/244

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
07/2020.1	Oversikt sals- og skjenkekontrollar for 2019 i Vaksdal kommune
07/2020.2	Årsmelding frå sals og skjenkekontrollen for 2019

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

VAKSDAL		2019								Godkj.				
SAL		Dato/kl for kontroll						Merknader			Kontrollar	IK-alkohol	Opne kontrollar	Stengde kontrollar
1	COOP-Prix Dale	08.mar	12.00-12.25	09.nov	10:45-11:05						3	20.06.2018	3	
		27.sep	13.45-14.00											
1	Joker, Stamnes	31.mai	11.50-12.15	09.nov	11:45-12:05						3	14.09.2018	3	
		27.sep	13.25-13.40											
1	COOP-Marked, Stanghelle	08.mar	11.10-11.30	09.nov	10:25-10:40						3	20.06.2018	3	
		27.sep	14.45-15.10											
1	COOP-Prix Vaksdal	08.mar	10.40-11.00	09.nov							3	20.06.2018	3	
		27.sep	14.20-14.35											
1	Eidsland Handel	31.mai	12.30-12.45	09.nov	12:20						3	14.09.2018		
	Ny eigar Snarkjøp Eidslandet	27.sep	12.55-13.15										2	1
1	Eksingedalen Nærbutikk	31.mai	13.10-13.25	09.nov	13:00-13:25						3	14.09.2018	3	
		27.sep	11.50-12.15											
1	SPAR, Dale Matsenter A/S	08.mar	12.25-12.45	09.nov	11:05-11:30						3	08.03.2019	3	
		27.sep	14.00-14.15											
<b>7</b>											<b>21</b>	Godkj.		
SKJENKING		Dato/kl for kontroll						Merknader			Kontrollar	IK-alkohol		
1	Bergsdaltunet	31.mai	22.35								2		1	1
		16.nov	21.35-21.45											
1	Elvahuaset (tidl. BKK)	02.feb	19.35	31.mai	22.00						3		2	1
	Elvavegen	15.feb	22.15											
1	Nye Dale Vertshus	15.feb	22.15-22.40											
	Smia Pub	31.mai	22.10-0.30											
		16.nov	22.10-22.20								3		3	
1	Sjøbua	31.mai	12.30								1			1
1	Verpelstad AS	16.nov	23.50								1			1
1	Milano Pizzeria	15.feb	23.00-23.25								2	15.02.2019	2	
		31.mai	21.25-21.30											
1	Naboen kro og selskapsmat	02.feb	19.55-20.20	31.mai	21.50						3		1	2
	Konkurs	15.feb	22.55											
<b>7</b>											<b>15</b>		<b>29</b>	<b>7</b>

Opne kontrollar	29
Stengde kontrollar	7

# Årsrapport frå sals- og skjenkekontrollen for 2019

## Alkohol

I 2019 vart det gjennomført 784 kontrollar totalt av sals- og skjenkekontrollen (750 i 2018). Det var registrert 246 faste løyver (243 løyver i 2018).

Sals- og skjenkekontrollen har komme i mål med det talet kontrollar som skal gjennomførast i kvar kommune. Ein oversikt over alle kontrollane er sendt til kvar einskild kommune.

Me har klart å oppretthalde den gode trenden med ein nedgang i stengde kontrollar, og ein auke av opne kontrollar. Dette skyldast at me har laga oss eit årshjul, og planlegg kontrollane ut frå sesong og kva aktivitetar som skjer. Me har også teke i bruk Facebook for å få oversikt over arrangement på dei plassane med faste løyve. Dette gjer oss i stand til å målretta kontrollane. Det vil alltid vere ein del stengde kontrollar, fordi det er så stor skilnad mellom kommunane, og fordi det ville verta mykje «tomkøyring» om me berre skulle kjøre til opne plassar.

Det har vore registret få brot, og det er berre skrevet 10 tilleggsrapportar. I tillegg er det også i år gjeve pålegg som retting av særleg IK-alkohol.

## Tobakk

Sals og skjenkekontrollen har gjennomført 240 kontrollar av tobakksal, som betyr at me nådde målet som er sett for tobakkskontrollen. Det var registrert 111 plassar som sel tobakk, men dette talet varierar gjennom året fordi ein salsplass kan komme til, medan andre forsvinn. Me ser at nokre plassar har vald å slutte med sal av tobakk grunna gebyret, som ikkje gjer det lønnsomt å selja.

Det er aller mest fokus på internkontrollen når me er ute på kontroll, og dei fleste plassane har dette i orden.

Det har ikkje vore skrevet nokon tilleggsrapportar på tobakk i 2019.

## Generelt

Sals- og skjenkekontrollen har hatt ein stabil personalgruppe i 2019. Det har vore lite sjukemelde, men underteikna har ikkje vore i full stilling før i november. Nils Anders Bolstad har fungert som operativ leiar for verksemda fram til november. Me har følgjande bemanning:

- 1 100% stilling som leiar
- 1 45% stilling som kontrollør
- 1 25% stilling som kontrollør
- 3 15% stillingar som kontrollør.

Me har vore aktive i høve kursverksemd, men tek gjerne fleire kurs i dei andre kommunane. Det har vore skjenkekurs i Odda, Fusa og Kvam. Me har gjennomført ein personalsamling kor vi var på besøk og kontroll i lag med skjenkekontrollen i Rogaland. Dette var svært nyttig, og me får stadfesta at me har eit riktig og godt fokus i kontrollane. Me har også vore med på storbykonferansen i regi av storbysamarbeidet, som me er ein del av fordi me er av dei største sals- og skjenkekontrollane i landet. Me har også vore med på fylkesmannen sin samling.

Det har vore gjennomført 2 samråingsmøter med samarbeidskommunane, med ganske bra oppmøte. Møte i Ulvik var ekstra spanande, då me fekk besøk frå A-krimssenteret i Bergen.

Vi er veldig nøgd med det samarbeidet som er i sals- og skjenkekontrollen. Kommunikasjonen mellom oss og kommunane har fungert svært bra, og me er for det meste nøgd med den informasjonen me får i høve løyvene.

Me opplever også at sals- og skjenkeplassane er nøgde med vår linje: samarbeid framfor kontroll. Me ynskjer å gjere løyvehavarane i stand til å utøve løyvet på ein rikig og forsvarleg måte, noko me kjenner at dei også er interesserte i. Samstundes er me tydlege på at eit brot vil verta rapportert.

Det har vore eit spesielt år, med tanke på kommunesamanslåing i 2020. Me har vore heldige som får halda på i dei nye kommunane Ullensvang og Voss, medan Bjørnafjorden framleis er usikre ved årsslutt. Alt i alt får ikkje kommunesamanslåinga nokon særskild stor betydning for sals- og skjenkekontrollen.

Me vil takke for den tilliten me får i oppdraget vårt. At nær alle kommunane framleis ynskjer at me tek kontroll av alkohol og tobakk, er ein stor tillitserklæring. Me takkar for det gode samarbeidet, og gler oss til vidare samarbeid i 2020.

Med vennleg helsing

*Bjørnar Dagstad*

Leiar for avdeling alkohol og servering/ sals- og skjenkekontrollen